

Ole Bull Akademi

Ole Bull Akademi vil takke Kulturdepartementet for invitasjonen til å kome med innspel til strategi for folkemusikk og folkedans.

Vi syner til den felles uttalen som eit samla folkemusikk- og folkedansfelt har sendt inn. Våre innspel blir difor særleg knytt til dei oppgåvene som Ole Bull Akademi har, og korleis vår del av feltet kan utviklast og styrkast i åra som kjem.

Spørsmåla som er stilt er:

1. Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkemusikk og folkedansfeltet best ivareta dei tradisjonelle uttrykka, og samstundes stimulere til mangfald og fornying?
2. Korleis kan det best leggest til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folkemusikk og folkedans?
3. Korleis kan det best leggest til rette for mest mogeleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet?
4. Korleis kan det best leggest til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?
5. Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til å styrke folkemusikken og folkedansen sin posisjon i samfunnet?

1. Politikk og forvaltning

Det er viktig for folkemusikk og folkedansfeltet at politikken og forvaltninga har klare visjonar og mål, og samstundes er føreseieleg og heilskapleg. Heile feltet ligg i skjæringspunktet mellom formidling, bevaring, oppleving og opplæring. Difor er det viktig at denne strategien ikkje berre blir ein strategi for Kulturdepartementet aleine, men også like mykje ein strategi for Kunnskapsdepartementet og Næringsdepartementet.

Basis for alt arbeid med folkemusikk og folkedans er den immaterielle kulturarven. Å lære frå øyre til øyre, auge til auge, fot til fot. Tradisjonane våre er det berre vi sjølve her i Noreg som kan velje å ta vare på, føre vidare og utvikle gjennom dagleg bruk. Det er ingen andre land som tek vare på dei lokale spel- og dansetradisjonane for oss. Det må vi sjølve gjere lokalt. Men då er det viktig at det er ein overbyggande politikk som stimulerer og legg til rette for dette arbeidet.

Det er på regionalt nivå det er flest manglar, trongen sterkast, og potensialet størst. Ei satsing på regionale senter/knutepunkt vil styrke heile økosystemet. Frivillig verksemd blomstrar kring profesjonelle aktørar som folkemusikksenter, folkemusikkarkiv og festivalar. Desse treng igjen energien frå det frivillige feltet. Vi er heilt avhengig av kvarandre for å få vidareført tradisjonane, rekruttert nye utøvarar og publikum, og få folkemusikken og folkedansen ut til folket.

Vi treng godt kvalifiserte produsentar som skal arbeide som nettverksbyggerar mellom alle desse aktørane, samt regionale musikkråd, museum og kommunar med sine grunnskolar og kulturskolar. Kvar senter må ha produksjonsmidlar for å bidra til nye produksjonar og leggje turnear med frilans folkemusikarar og folkedansarar. Det er eit særleg behov for å løfte

folkedansen, og desse regionale strukturane bør ha ein eigen fagperson med kompetanse innan folkedans.

Det er viktig å spele på dei regionale aktørane som allereie finst, og så styrke og supplere desse. Nokre stader er det naturleg å knytte eit regionalt senter til ein utdanningsinstitusjon, som t.d. Ole Bull Akademiet, andre stader til ein festival eller til eit arkiv. Nokre stader kan dette leggast til ein fylkeskommune.

Hardingfela.no er ein slik regional aktør som har skapt store ringverknader fyrst i Hordaland, og etter kvart også i resten av Vestland fylkeskommune. Gjennom samarbeidet mellom Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum har ein makta å synleggjere folkemusikken og folkedansen på ein heilt ny måte. Vi treng difor slike «nodar» i heile Noreg.

Tilskotsordningar

- Ein må ha stabile og gode driftstilskotsordningar til dei frivillige laga innan folkemusikk og folkedans.
- Det trengs ad hoc-tilskotsordningar for profesjonelle utøvarar og arrangørar. Dei kan byggast etter same modell som Ad-hoc-ordningane i Norsk jazzforum.
- Det trengs òg ad hoc-tilskotsordningar til den frivillige delen av feltet. Dei er grunnfjellet i feltet. Dei skapar dei sosiale møteplassane og der er den sosiale dansen viktig. Tilskot til instruktørar på kurs, til dansefestar og samlingar er døme på kva ei slik ad hoc-ordning bør gje tilskot til.
- Tilskotsordningane i post 55 i Norsk kulturfond må styrkast.
 - Folkemusikkfestivalane må få finansiering på linje med festivalar i andre sjangrar.
 - Dei økonomiske vilkåra må bli betre og meir proporsjonale kva gjeld større folkemusikkgrupper. Tendensen er at mange større folkemusikkensemble gir seg på grunn av vanskelege økonomiske tilhøve.
 - Norsk kulturfond må anerkjenne for at folkemusikk og folkedans heng tett saman. Tilskota må ta høgde for at det er dyrare å produsere ei førestilling med både dansarar og muskarar.

Sterkare og fleire arrangørar

For å kunne formidle kulturarven, gje gode opplevingar, jobbar til utøvarane, rekruttere til sjangeren og lære folkedansen og folkemusikken vidare til fleire, trengs mange og gode arrangement. Dessverre er arrangørfeltet innan folkemusikk og folkedans svakt. Det treng både ei stimulering for å få fleire lokale arrangørar, og det trengs ei profesjonalisering på nivået ovanfor, på regionalt nivå.

- *Styrke dei små arrangørane.*

Det har blitt meir krevjande å vere liten arrangør i dag, og det gjer det utfordrande for utøvarane å lage gode og effektive turnear og med det skape opplevingar i heile landet. Eit ønskje om meir profesjonelle arrangørar, har resultert at dei også har blitt langt færre. Dette har også ført til i at det i dag er langt færre spelestader for folkemusikkutøvarar enn det var berre for nokre år sidan. Samstundes har det blitt stadig fleire profesjonelle utøvarar i feltet. Det skal ofte ikkje meir enn 4- 5 000 kroner til før t.d. eit spelemannslag vågar å arrangere ein konsert med ein utøvar, men dei er avhengig av ei sikring i botn. Ad Hoc-midlar med kort handsamingstid vil gje mykje kultur tilbake i og for grasrota, og vere eit viktig supplement til dei ordningane som eksisterer i dag.

- *Tilskotsordningar for dansefestar*
Det er vanskeleg å få tilskot til dansefestar, en arena som er særst viktig for vår sjanger. Der blir folkedansen formidla vidare frå ein generasjon til neste, der er møteplassen og der får musikarane trening i å spele til dans. Dei regionale strukturane vi skriv om over, kan være med på å styrke arrangørleddet, både med å bygge kompetanse, og legge effektive turnear som er enkle å ta imot og utan for stor økonomisk risiko for små arrangørar.
- *Styrke arrangørleddet, og aldri øydelegge noko som fungerer!*
I eit demokrati er det viktig at politikarane har moglegheit til å prioritere. Samstundes har politiske avgjerder konsekvensar, også for kulturlivet. Både positive og negative. Mange gode tiltak på folkemusikk og folkedansfeltet har blitt realisert gjennom statleg, fylkeskommunal og kommunal stønad.

Nedlegginga av Rikskonsertane, både kveldskonsertordninga og skulekonsertordninga har øydelagt mykje for folkemusikken og folkedansen. Når kveldskonsertordninga vart borte, reiv det samstundes grunnen under mange lokale arrangørar, og noko som har resultert i færre konsertstader å opptre på. I tillegg vart publikum fattigare med at ei ordning som sikra eit kulturtilbod for heile landet vart teke bort.

Rikskonsertene sine skulekonsertane vart lagt ned, og vart erstatta av Kulturtanken. Kvart fylke (og ein del kommunar) kjøper produksjonar i konkurranse med andre sjangrar. Folkemusikken og folkedansen har fått dårlegare kår, og blir handsama ulikt frå landsdel til landsdel. Ideen om eit likt tilbod i heile landet er vekke, og nokre elevar får godt tilbod, medan andre får ei dårleg. Kvalitetskriteria for innkjøp er ikkje lenger felles. Politikk har konsekvensar, og nokre val gjev eit dårlegare og kvalitativt svakare tilbod i landet sett under eitt.

2. Opplæring

Folkemusikken og folkedansen ligg i skjæringspunktet mellom Kulturdepartementet og Kunnskapsdepartementet. Opplæring og formidling har heile tida vore vevd tett saman, og det trengs difor ein heilskapleg politikk frå begge departementa heilt frå barnehage til doktorgradsnivå.

For at Noreg skal følge opp forpliktingane frå Unescos konvensjon for immateriell kulturarv, må heile opplærings- og utdanningsløpet innan folkemusikk og folkedans styrkast frå barnehage, via grunnskole, kulturskole, vidaregåande skole, til høgare utdanning og forskning.

Her meiner vi at Ole Bull Akademiet har ein heilt sentral plass.

Barnehagar, grunnskular, vidaregåande skular og kulturskular

- Pedagogar på alle nivå, både i barnehage, grunnskule, kulturskule og høgskule/ universitet må møte folkemusikk og folkedansen i utdanningsløpet. Gjennom vekekurs i folkemusikk og folkedans har Ole Bull Akademiet sidan 1977 gjeve lærarskulestudentar og førskulelærarstudentar ei innføring i tradisjonane våre. Vi ser heilt klart kor stort behov det er å bli kjend med eigen tradisjonsmusikk og dans, og vi ser også kor lite kunnskap unge studentar har om tradisjonane våre. Det er eit feilgrep at ikkje musikk er ein obligatorisk del av lærarutdanninga, og ei styrking av songen og dansen er heilt naudsynt. Ole Bull Akademiet har no innføring i folkemusikk og folkedans til dei fleste høgskulane og universiteta som har musikk i fagkretsen. Vi meiner at alle

utdanningsstadane i Noreg bør få dette tilbodet. Dette handlar om å ivareta kulturarven vår, og at alle førskule-, grunnskule-, kulturskule- og høgskulestudentar bør få kjennskap og kunnskap om folkemusikk og folkedans.

- Ein treng å styrke fokuset på folkemusikk og folkedans i kulturskulane. I dag er det opp til kvar kulturskulerektor om det skal vere eit tilbod på folkemusikk og folkedans. Dette gjer at tilbodet er sterkt varierende. Ein treng ofte gulrøter for å stimulere til meir satsing innafor eit område. Dette gjeld ikkje minst dersom ein ønskjer å få til ei satsing på folkemusikken og folkedansen. Stimulansemidlar og prosjektmidlar spesifikt retta mot tradisjonsmusikk og tradisjonsdans kan gje svært positiv verknad, særleg i dei kulturskulane som ikkje har eit eksisterande folkemusikktilbod. I tillegg er det gjerne fleire stader mangel på menneskelege ressursar, særleg innan dansefeltet. Eit løft for dansen, der utdanning er ein vesentleg faktor, er difor naudsynt framover.
- Det bør arbeidast for å skape faste stillingar med utøvande del i kulturskulane. I Sogn og Fjordane har dei mellom anna bygd opp fem distriktsmusikarstillingar med folkemusikk. Dette bidreg til at eit sterkt fagmiljø. Små stillingar er problematisk, då det er vanskeleg å få godt kvalifiserte pedagogar til å ta desse. Kontinuiteten blir også dårlegare. Ved å kunne tilby utøvande del i stillinga styrkar ein musikkkompetansen i distrikta.
- Opplæringa bør starte tidleg, og vere målbevisst. *Nøringen*, eit folkekulturelt opplæringstilbod for born i alderen 4-6 år er eit konkret prosjekt som har blitt realisert med prosjektmidlar frå m.a. Norsk kulturråd, og no eit prosjekt som har gått over i fast drift i alle kulturskulane i Voss og Hardanger. Koordinert av Hardingfela.no (Ole Bull Akademiet og Hardanger og Voss Museum) har lokale lokale spel- og dansarlag og andre samarbeidspartnarar i heile regionen bidrege til at dette har blitt ein suksess. Dette har igjen resultert i ein stor auke i søknadane på hardingfele og spesielt kveding i fleire av kommunane.
- Etter- og vidareutdanning i folkemusikk og folkedans for kulturskulelærar, barnehagepedagogar og grunnskulelærarar bør prioriterast. Her kan OBA saman med andre i UH-sektoren leggje til rette gode tilbod som kan målrettast mot dei ulike gruppene.
- Landslina for folkemusikk og folkedans ved Vinstra Vgs. må oppretthaldast og styrkast. Dette er igjen svært viktig for alle utdanningsinstitusjonane i UH-sektoren, då Vinstra har fostra nokre av dei viktigaste unge folkemusikarane i Noreg dei siste 25 åra.

3. Arkiv og formidling

- Folkemusikkarkiva må styrkast. Ein treng desperat å redusere etterslepet med manglande digitalisering av samlingane. Ein treng eit felles nasjonalt datasystem for registrering og formidling av opptak og dokumentasjon av folkemusikk og folkedans. Digitaliseringsarbeidet og utviklinga av eit nytt datasystem bør liggje til Nasjonalbiblioteket. Arkivarane bør i større grad få moglegheit til å formidle samlingane til publikum, og dei har også ei viktig rolle med å dokumentere samtida. Slik blir arkiva sett i stand til å formidle både fortid og notid til nye generasjonar.
- Ein treng eit nytt, stort læreverk i folkemusikk og folkedans. Det er i dag ingen læreverk med oppdatert innhald etter 1990. Dette arbeidet er svært viktig å få sett i gang så snart som råd, då feltet har gått gjennom ei stor endring sidan «Fanitullen» vart gjeve ut.

- Ein treng å auke forskinga på og i folkemusikk og folkedans. Det bør difor stimulerast til fleire forskingsprosjekt på og rundt sjølve folkemusikk feltet, men også forskingsfelt der folkemusikk kan inngå som ein naturleg del.
- Det er viktig å leggje til rette for at dei få publiseringskanalane som finst kan halde fram å eksistere. Tidsskriftet Musikk og Tradisjon er i dag den einaste publiseringskanalen for forskingsfeltet, og det er viktig at dette tidsskriftet får framtidig finansiering.

4. Høgare utdanning og forskning

- Det er få nasjonale føringar for folkemusikken og folkedansen sin plass i høgare utdanning. Det bør satsast meir bevisst på høgare utdanning i folkemusikk og folkedans ved UiB/ OBA, Norges musikkhøgskole og USN, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk i Rauland. Både UiB/OBA og NMH har små og sårbare fagmiljø, der ein heile tida må konkurrere både om midlar og merksemd med andre fagmiljø. I tillegg bør ein aktivt arbeida for at det blir tilsett personar med folkemusikkkompetanse i UH sektoren som i høgare grad enn nå kan ta feltet inn i aktuelle yrkesutdanningar.
- For at OBA, Universitetet i Bergen (Griegakademiet), Norges musikkhøgskole og USN, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk skal kunne bidra til fornying er det også naudsynt med meir forskning og kunstnarleg utviklingsarbeid i komande år. Vi meiner KUD og KD i samarbeid bør sikre ressursar til dette, til dømes i form av prosjektmidlar og/eller stipendiatstillingar.
- Det bør opprettast utøvande professorat i folkemusikk både ved OBA/GA og ved NMH. Dette vil vere ei naudsynt styrking av posisjonen til folkemusikken i academia.
- Ein treng å få utdanna fleire hardingfelemakarar, langeleikmakarar, og instrumentmakarar på eldre folkemusikkinstrument. Det er i dag utdanning i hardingfelemaking ved Ole Bull Akademiet og i instrumentmaking ved USN Rauland, og desse utdanningane bør styrkast. Dei eksisterande instrumentmakarverkstadane i landet bør få eit særskilt ansvar og moglegheit for å gje læreplassar til nye instrumentmakarar. Slik sikrar ein at den handlingsborne kunnskapen blir vidareført til neste generasjon.
- Det må på plass ei utdanning i scenisk folkedans. Vi har i dag utdanning i folkemusikk på UiB/ Ole Bull Akademiet, Noregs musikkhøgskole, og USN, Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk. Men det finst ingen utdanning for scenisk folkedans, trass i at det er stor etterspurnad etter dansarar som meistrer teknikken og estetikken i norsk folkedans. Universitetet i Sørøst-Noreg er klare til å ta på seg oppdraget, og har fått akkreditert ei utøvande bachelorutdanning i folkedans.
- Det bør satsast aktivt på at folkemusikkmiljøa i UH sektoren i aukande grad engasjerer seg i dei kontekstar der Fou arbeid knytt til folkemusikk naturleg inngår. Dette gjeld ikkje minst lærarutdanningane og muskarutdanningane, men også musea og institusjonar som fokuserer mest på formidling og opplæring.

5. Internasjonalt samarbeid og synleggjering

Noreg har ikkje satsa nok på formidling av kunst og kultur i utlandet. Utanriksdepartementet har år om år redusert kulturmidlane, og Music Norway har alt for lite midlar til å styrke promoteringa av norske musikarar i utlandet. Norsk folkemusikk har ein marknad i utlandet, men då må det satsast. I dag er eksporten av norsk tradisjonsmusikk velmeint men for svak.

Internasjonalisering bør også fremjast gjennom å styrkja eksisterande internasjonale samarbeid, t.d. NorTrad konferansen, og gjennom ein aktiv strategi for å ta del i EU-orientert forskning og utviklingsarbeid.

6. Oppsummering

Kulturlivet i Noreg står sterkt, og det blir gjort mykje godt handverk både i byråkrati og politisk leiing. Samstundes er det eit klårt forbettringspotensiale, og dette ligg særleg på kontakt og kommunikasjon mellom dei ulike departementa. Kulturpolitikken knytt til folkemusikk- og folkedansfeltet, til liks med nær alle dei andre sektorane i kulturlivet, kan få ein mykje større effekt dersom denne også blir implementert i Kunnskapsdepartementet og Næringsdepartementet. Greier ein å opne desse «skotta» i forvaltninga, kan ei satsing på folkemusikk og folkedans bli langt meir effektiv, både økonomisk og kulturpolitisk.

Vi ser fram til ein god dialog med politisk leiing i tida som kjem, og Ole Bull Akademiet står sjølvstøtt til disposisjon for Kulturdepartementet både som samtalepartner og som bidragsytar til å auke kunnskapen om folkemusikk og folkedans – frå barnehage til seniornivå, for amatørar og for profesjonelle!

Voss, den 26. november 2020

Jo Asgeir Lie
Rektor